

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen	
Tid og stad	Torsdag 21.08.2025, kl. 11.00 - 13.30, Teams møte
Til stade	FFO: Eli Sjo, Marianne Sundvor, Maria Stokke Mindestrømmen, Lene Nilsen, SAFO: Renate Toft, Christel Bersaas-Nesse, <u>Pensjonistforbundet</u> : Torveig Botnen, <u>ProLARnett</u> : Christine Lønne, <u>Vestland Innvandrerråd</u> : Everline Mjømen, <u>Kreftforeningea</u> : Atle Grung Eide. <u>Seksjon for samhandling</u> : Randi Bjørgen Johannessen (referent) og Merete Eide Hernes
Fråvær	FFO: Michael Sønnesyn

Sak	Saka gjeld
25/52	Godkjenning av dagsorden og innkalling Avgjerd: <i>Innkalling og dagsorden er godkjend.</i>
25/53	Høyingsinnspel; rett til å ha med andre personar når det blir gitt helse- og omsorgstenester v/rådgjevar og jurist Nina Næsheim Under koronapandemien vart det innført strenge smitteverntiltak i føde- og barselavdelingane, noko som avgrensa moglegheita til å ha med andre personar under kontrollar og fødsel. Dette førte til spørsmål frå stortingsrepresentantar om behovet for å presisere retten til å ha med seg andre personar. Departementet ønskjer å klargjere at pasientar har rett til å ha med andre personar når dei får helse- og omsorgstenester, og at unntak berre kan gjerast når det er tvingande nødvendig for å sikre forsvarlege tenester. Dette skal gjelde generelt, ikkje berre ved svangerskap og fødsel. Det er ikkje forventa store økonomiske eller administrative konsekvensar. Gjeldande lovtekst: «Ønskjer pasient eller brukar at andre personar skal være til stades når helse- og omsorgstenester blir gitt, skal dette som hovudregel imøtekomast.» Føreslått ny lovtekst: «Pasient eller brukar har rett til å ha andre personar til stades når helse- og omsorgstenester blir gitt. Det kan gjerast unntak dersom det er nødvendig for å kunne gi forsvarlege helse- og omsorgstenester.» Helse Bergen si vurdering: Støttar intensjonen om å leggje til rette for støttepersonar i ulike situasjonar, som ved polikliniske timar, innlegging, kritiske fasar i behandlinga, livets slutfase og fødsel. Utfordringar: • Kan skape urealistiske forventningar • Omsyn til andre pasientar og tilsette • Kan svekkje helsepersonell sitt faglege skjønn • Kan bli tolka som rett til å ha med personar heile tida, liknande barn sin rett til foreldre • Auka forventningar om dekking av utgifter Innspel i møtet:

	• Det nye lovforslaget er viktig for pasientar med kognitiv svikt, psykisk helse, rus, høyrselshemming og språkbarrierar • Følgjeperson og besøk bør skiljast i lova • Bør avgrensast til éin følgjeperson • Viktig med god kommunikasjon • Generell lov med kommentarar kan vurderast Svaret frå Helse Bergen blir publisert på høringssiden når det er godkjend av viseadministrerande direktør. Det blir ikkje sendt ut til gjennomsyn til alle som er invitert til å gi høyringsinnspel på forhånd. Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og har kome med innspel.</i>
25/54	Kva rører seg i sjukehuset? v/administrerande direktør Eivind Hansen • God sommar med høg aktivitet, særleg innan psykisk helsevern og føden. • Helseminister Vestre besøkte Haukeland og Voss 14. Juni 2025. Besøka viste frem konkrete grep for bedra bemanning, kortare ventetider og tettare samarbeid mellom forvaltningsnivåa. • Kvinneklubben har sendt føddande til Voss – frivillig ordning • Behov for meir plass til barselkvinner – vurderer flytting av Palliativt senter • Ventetid under nivået frå juni 2019 er oppnådd • Sjukefråværet i juli var 4 % • Rekneskap: Innsatsstyrt finansierings-inntekter som venta, men store avvik i vare- og lønskostnader • Resultatet etter juli er 92 mill. under budsjett Vidare tiltak: • Halde oppe aktivitetsnivå • Følgje opp varekostnader • Betre styring av lønskostnader • Rapportere på tiltak innanfor budsjettramma • Prioritering, digitalisering, standardisering og innkjøp i budsjett 2026 Val 2025: • Førehandsstemming i Sentralblokk 25. august–5. September • Eigne tider for pasientar på sengepostar og utanfor Haukeland Universitetssjukehus sitt område Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen.</i>
25/55	Gjennomgang av prosjektlista v/rådgjevar Merete Eide Herne Prosjektlista vart gjennomgått og oppdatert. Avgjerd: <i>Lista vil bli sendt ut saman med referatet. Feil eller manglar kan meldast til Randi eller Merete.</i>
25/56	Eventuelt Ingen saker meldt

